

Utleigereglement for kommunale bygg pr. 21.09.1999.

1. Leigesats for lokale i kommunale bygg utan overnatting.

For leige av lokale ved kommunale bygg betalar leidgetakar kr. 2,- pr. m² pr. dag/kveld.

2. Leigesats for lokale i kommunale bygg med overnatting.

Grunnpris:

kr. 300,- for samfunnssal / gymsal pr. døgn

kr. 100,- for klasserom / andre rom pr. døgn

Tillegg:

kr. 20,- pr. barn i grunnskulealder pr. døgn

kr. 100,- pr. voksen pr. døgn.

3. Reinhald.

Ved behov for ekstra reinhald, betalar leidgetakar dei faktiske utgifter, lønnsutgifter etter den til ein kvar tid gjeldande Hovudtariffavtale (dvs. timelønn, feriepengar og arbeidsgjevaravgift).

4. Lag og organisasjonar innan kommunen.

Lag og organisasjonar innan kommunen skal betale leige i samsvar med pkt. 1 når det vert skipta til inntektsgjenvende arrangement.

Unntak: Det skal ikkje betalast leige når inntekt skal nyttast til å dekkje utgifter knytt til arrangementet.

Leidgetakar betalar leige for det arealet dei nyttar til sjølve arrangementet. Det vert ikkje kravd leige for trafikkareal (vindfang, gang m.v.) og toalett.

Ved inntektssvikt kan arrangør søkja om betalingsfritak.

For tilstellingar arrangert av skula, elevrådet eller samarbeidsutvalet vert det ikkje kravd leige.

Det vert heller ikkje kravd leige når tilstellinga tek sikte på å skaffe til vege til utstyr til skula/grendehuset.

5. Sør-Aurdal kommune.

Kommunen betalar utgiftene til reinhaldet når skulene vert nytta til følgjande verksemder:
Møter i skula sine organ.

Møter og tilstellingar arrangert av skula sine organ.

Møter og tilstellingar arrangert av kommunale organ.

Vaksenopplæring og andre ikkje kommersielle opplæringstiltak.

6. Ansvar.

Leidgetakar er ansvarleg for eventuelle skader.

7. Justering av utleigesatsen.

Utleigesatsen blir ståande uendra til utleigereglementet vert tatt opp til ny handsaming.